

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - B08, FE - 233	14/3421

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
46/2014	Utval for levekår	PS	04.11.2014

Sluttrapport "Betre læringsmiljø"

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alle skulane i Meland kommune har delteke i den femårige nasjonale satsinga på elevane sitt læringsmiljø, som har namnet «Betre læringsmiljø» (2009-2014). Hovudmålet med satsinga har vore å utvikle eit godt læringsmiljø og kvalitetssikre læringsmiljøet på den einskilde skule. Samstundes har prosjektet vore ein del av det heilskapelege arbeidet med å utvikle ein god skule i Meland.

I prosjektperioden har skulane i Meland hatt felles arbeid med:

- Reglar og konsekvensar
- Relasjonar
- Klasseleiing
- Læraranes læringstrykk

Saman med ekstern kompetanse og rettleiing har ein sikra at praksisen på dei ulike skulane har vorte meir inkluderande, føreseieleg og einskapleg.

Konkrete mål for skulane har vore:

1. Auka læringsutbyte til elevane ved å arbeide strukturert med reglar/konsekvensar, relasjonar, klasseleiing og lærarane sitt læringstrykk
2. Alle tilsette på skulane skal framstå som tydelege vaksne
3. Felles bruk og handheving av reglar på kvar skule
4. Betre observasjon og handlingskompetanse hjå dei tilsette med omsyn til relasjonar mellom tilsette og elevar og elevane seg i mellom
5. Implementere årshjul og felles system for:
 - a. Vurdering av datagrunnlag
 - b. Vurdering av eigen praksis
 - c. Vidareutvikle gjeldande praksis med bakgrunn i eigenvurdering

Erfaringar og resultat frå prosjektet:

Erfaringar får prosjektet har vist at me valte for mange og for omfattande mål. Måla skulle ha vore meir avgrensa og operasjonalisert (meir målbar). Fordelen er at man har fått arbeidet mykje på fleire

områder. Ulempa er at ein ikkje har fått arbeida grundig nok, og ein har hatt vanskar med å måle kva for nokre tiltak som hatt størst effekt. All ny forskning knytt til skuleutvikling presiserar at ein må satse på få mål, og at ein må arbeide systematisk og langsiktig. Desse erfaringane er gode å ha når me går i gang med nye utviklingsprosjekt.

Alle skulane hadde frist i juni 2014 med å sende inn sluttrapport til Utdanningsdirektoratet (Udir). Delar av rapportane inneheld data som er utan offentlegheita. Her summerast hovudfunn:

1. Auka læringsutbytte til elevane ved å arbeide strukturert med- reglar/konsekvensar, relasjonar, klasseleiing og lærarane sitt læringstrykk
 - Auka grunnskulepoeng
 - Resultat nasjonale prøvar 5. trinn er uendra og vi ligg under nasjonalt nivå på både lesing, rekning og lesing

2. Alle tilsette på skulane skal framstå som tydelege vaksne
 - Lærarane har fått auka kompetanse innan klasseleiing mellom anna gjennom:
 - arbeid med tydelege læringsmål
 - bruk av læringsstrategiar
 - tydeleg start og oppsummering av timen, bruk av visualisering
 - systematisk arbeid med undervisvurdering
 - Ein har utvikla meir kollektiv orientert tenking når det gjeld trivsel og læring
 - Assistentar i skule og SFO har fått heva sin kompetanse i det å framstå som tydelege vaksne

3. Felles bruk og handheving av reglar på kvar skule
 - Oppnådd ein meir einsarta praksis i høve til handheving av reglar for heile skulen
 - Handlingsplanane i Zero inneheld instruksar og prosedyrar

4. Betre observasjon og handlingskompetanse hjå dei tilsette med omsyn til relasjonar mellom tilsette og elevar og elevane seg i mellom
 - Auka handlingskompetansen hos de tilsette med omsyn til å observere og avdekke mobbing, samt setje inn tiltak etter eigen prosedyre i Zero handlingsplan.
 - Innføring av trivselsprogram har gitt resultat i høve auka fysiske aktivitet og trivsel på alle skulane
 - Det er laga felles fråværsreglement for alle skulane

5. Vurdering av eigenpraksis og skulebasert vurdering
 - Alle skulane har årshjul for kartlegging av læringsresultat og for felles arrangement/aktivitetar. Årshjul viser ansvarsfordeling og roller.
 - Det er gjennomført ståstadsanalyse i start og slutt av prosjektperioden. Resultat frå analysen har danna grunnlag for val av tiltak.
 - Den einskilde lærar har utvikla betre praksis i høve til å kartlegge elevar, vurdere

resultat og endre eigen praksis.

- Meir systematikk i vurderingsprosessane hos den einskilde lærar og skulen som heilhet

Vurdering

Implementeringsdelen av prosjektet er formelt over, men det skal arbeidast vidare med delen som handlar om institusjonalisering. Målet med denne delen av prosjektet er å gå frå prosjekt til drift, der ein systematisk vidarefører prinsipp og arbeidsmåtar i det daglege arbeidet. Dette handlar særskilt om arbeidsmåtar knytt til struktur, relasjonar og fagleg oppfølging av elevane. Ny forskning presisarar det er sterke korrelasjonar (samvariasjon) mellom struktur, relasjon og fag (T. Nordahl). Det vil sei at skal ein oppnå auka læringsutbytte hos elevane, må ein parallelt arbeide med å skape god struktur i timane og byggje gode relasjonar i tilknytning til den faglege oppfølging av den einskilde elev.

I tillegg til å vidarefører prinsipp og arbeidsmåtar vil skulane i det vidare arbeidet ha to utviklingsmål:

1. **Betre resultat på nasjonale prøvar over fylkesnivå etter 2015**
2. **Nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing på skulen.**

Døme på tiltak ein vurderer og har valt å setje inn for å nå måla nemnt over er::

- Utvikle gode prosessar for samarbeid og erfaringsdeling (nettverk)
- Innføre programmet Leselos i alle skulene
- Skulebasert kompetanseutvikling (SKU) på ungdomstrinnet, med vidareføring i alle skulane i løpet av dei kommande fire åra.
- Aktiv bruk av nettressursar som ligg på Udir sine heimesider
- Vurdere eigen satsing på fråværsoppfølging på ungdomstrinnet

Folkehelse – ikkje aktuelt å vurdere. Orienteringssak.

Miljø – ikkje aktuelt å vurdere. Orienteringssak.

Økonomi – ikkje aktuelt å vurdere. Orienteringssak.

Framlegg til vedtak:

Oppsummering frå sluttrapport prosjekt «Betre læringsmiljø» vert teken til orientering.

Utval for levekår - 46/2014

ULK - behandling:

"Prosjekt Betre Læringsmiljø" vart presentert i møtet.

Tilleggsframlegg frå **Kåre Skibenes (Krf)** i møtet:

Utval for levekår er tilfreds med prosess og resultat som er nådd i prosjektperioden, og støtter vidare

utviklingsarbeid i Meland-skulen.

Tilleggsframlegget vart **samrøystes vedteke**.

ULK - vedtak:

Oppsummering frå sluttrapport prosjekt «Betre læringsmiljø» vert teken til orientering. Utval for levekår er tilfreds med prosess og resultat som er nådd i prosjektperioden, og støtter vidare utviklingsarbeid i Meland-skulen.